

SAMNANGER KOMMUNE	SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR.....	JUR.....
29 JUN 2017	
EMNEKODE.....	
OBJEKTkode.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....

Tysse 28.06.2017

Kommentarer til B 10 Indre Tysse Gnr. 27, Bnr.2.

Underteikna eigar av Gbnr. 27/2 kjem med dette med følgjande kommentar til kommunen si konsekvensutgreiing for min eigedom som tidlegare var regulert til kommunalt byggjefelt.

1.

Det er rett at høgspentlinja går gjennom området og skaper ein del vanskar, men etter samtale med erfaren entreprenør meiner vedkomande at denne må leggjast i vegen gjennom området, som vanleg er i slike felt.

2.

I den gamle reguleringsplanen var vegen fram tilfeltet teikna får gardstunet midt og rett inn den bratte lia over neverande delvis bygd område. Dette er ein trase som vanskeleg let seg gjennomføra og svært kostesam. Underteikna har bygd god bilveg fram til bustadhus for son min og vidare skogsveg. Denne skogsvegen kan nyttast til tung transport fram til Nordstølen som ligg inne i avteikna område på kartet. Her frå og inn i mitt felt kan vegen gå på fall, eller utan stigning inn i feltet alt etter korleis ein vil ha vegen inn i byggjefeltet. Dette skulle vera nokså uproblematisk og utan større kostnader enn byggjefeltet bør tola. Dette er ein vegtrase som aldri har vore omtala tidlegare. Stigninga er alt teke på den vegen som alt er bygd, og vidare framføring er overkommeleg.

3.

Det tredje punktet eg gjerne vil kommentera er rasfåren i området. Ingen nolevande har gått meir i dette området enn underteikna. Heile det området som er aktuelt til byggeformål på min eigedom er fjellgrunn utan lausmassar av stein og med så lite jord på toppen at mesteparten av tidlegare inngjerding til beite måtte borast fast. Korleis det skal få til å rasa i dette området er for fleire enn meg, uforståeleg. Under samandrag frå kommunebehandling står det: «Området er svært ras utsett. Området ligg i aksemdsone for steinsprang, snøskred, flaum og jordskred og (som)det er tydelege spor på etter tidlegare steinnesfall i store deler av området». Særleg siste delen av dette reagerer eg kraftig på. Dei av Dykk som kan visa meg «tydelege spor etter tidlegare steinnesfall i store deler av område» må vera snill å ta kontakt, så også eg som frå tidleg barndom fram til i dag med arbeid i feltet ikkje har fått auga på.

Gjer også merksam på at dette er det einaste større feltet som kan utbyggjast på Indre Tysse.

Dette innspelet er eg klar over har liten verdi – då kommunen alt har bestemt at dei ikkje vil prioritera noko som har med Tysse å gjera, og det er det mange som likar därleg. Eg har skrive dette for at ikkje kommunen sin konklusjon skal få stå som ei endeleg sanning og fordi bebuarar på Tysse indre har bede meg om å gjera ein framstøyt mot kommunen sine manglande planar for vidareutvikling av Indre Tysse.

Johannes M. Tysse eigar av Gbnr. 27/2